



Masfjorden kommune

Retningslinjer for følgjekort for funksjonshemma.

(basert på Rådgjevande nasjonale retningslinjer for følgjebevis for funksjonshemma)

1. Formål

Ordninga med følgjekort skal være eit verkemiddel for å førebygge isolasjon og medverke til auka livskvalitet for den funksjonshemma.

Ordninga med følgjekort vil omfatte personar som har ei funksjonshemming som vil vare i minst 2-3 år. Ordninga vert vedtatt og administrert av bustadkommunen, men er gyldig for heile landet på dei stadane som aksepterer ordninga.

2. Funksjonshemming

Med funksjonshemming meiner ein at det er misforhold mellom individet sine føresetnader og krav til funksjon frå miljøet og samfunnet si side på områder som er vesentlege for å ha eit sjølvstendig og sosialt tilvære. Dette gjeld som hovudregel den som er rørslehemma, har svekka høyrsel, er synshemma, utviklingshemma eller har alvorleg psykisk sjukdom, og som treng følgje for å kunne delta på kultur- og fritidsaktivitetar.

3. Følgje

Følgje er den som til ei kvar tid er med den funksjonshemma for at denne skal kunna oppnå målet med ordninga.

4. Følgjekort

Eit følgjekort er eit dokument i form av eit kort som vert skrive ut til den funksjonshemma. Følgjekortet skal gje den funksjonshemma sitt følgje fri tilgang til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel som den funksjonshemma ikkje kunne ha delteke i eller nytta utan følgje. Følgjekortet vert skrive ut gratis av den kommunen søkjaren bur i, og nedre aldersgrense for søkjarar er normalt 8 år. Grunngevinga for alderskravet er at funksjonsfriske barn frå 8 års alder normalt vil kunne delta på aktivitetar/arrangement utan vaksen følgjeperson, medan barn med funksjonshemming framleis vil være i behov av følgjeperson.

5. Søknad

Den funksjonshemma søker bustadkommunen på fastsett skjema om følgjekort. Det skal leggest ved passfoto.

Ved behov kan ein innhente uttale frå fastlege, legespesialist, offentlig godkjent helseinstitusjon eller kommunen si helse- og omsorgsavdeling om at søkjaren treng følge.

6. Varigheit

Kommunen vurderer kor lenge kortet skal vare når det vert skrive ut. Perioden kan være tidsavgrensa eller varig.

Kommunen vil vanlegvis tildela følgjekort for inntil 5 år for personar under 18 år og 10 år for personar over 18 år.

Det skal stå på kortet kor lenge det varer. Det skal gå fram av følgjekortet om den funksjonshemma har behov for følge av fleire personar.

7. Bruksområder

Følgjekortet gjeld som tilgang til dei aktivitetar, bygningar, transportmiddel og andre som har godkjent ordninga. Det offentlege symbolet er normalt satt opp på stader som aksepterer ordninga. Ordninga er landsdekkande og kan brukast over kommune- og fylkesgrensene.

8. Klage

Vedtak om å innvilge eller avslå søknad om følgjekort vert å sjå på som enkeltvedtak. Dette vedtaket kan med heimel i Forvaltningslova § 28,2. ledd klagast inn til det kommunale klageorganet, som i Masfjorden kommune er formannskapet,

